

LEIAR

Sjefredaktør:
Jan Atle Stang
stang@firda.noRedaksjonssjef:
Yngve Ardal
yngve.ardal@firda.noNyheitssjef:
Vidar Gudvangen
vidar.gudvangen@firda.noDagleg leiar:
Tore Dvergsdal
tore.dvergsdal@firda.no**FIRDA**
Grunnlagt 1917
Politisk og økonomisk frittstående avis

Marknadsfornuft av Grande Røys

FORNYINGS- OG administrasjonsminister Heidi Grande Røys vil ikkje fire på konkurransereglane for å berge alle bedrifter gjennom finanskrise. – Vi kan ikkje berge alle, seier SV-statsråden til BT. For å illustrere kva ho meiner, nyttar ho konkursråka Fundo i Høyanger: – Når folk ikkje lenger kjøper bilar, kan ein heller ikkje halde fram med å produsere felgar. Ho legg til at også symbolbedrifter vil komme til å gå overende, og at slik må det vere.

VI ER HEILT SAMME MED

Grande Røys i dette.

Det som undrar oss er at ho som SV-politikar har tileigna seg den marknadsliberale retorikken og den marknadsøkonomiske tanke- rekkja. Historisk har jo politikarar på venstresida stått for det motsette; å pumpe inn millionar i føretak for å

berge arbeidsplassane. Ja, sjølv døy- ande hestar har blitt føra på som om dei skulle vore vitale travarar i sin beste alder og med det største potens- ial. Slik er det heldigvis ikkje lenger.

DET GRANDE RØYS er opptatt av, og her er ho gjenkjenneleg frå Flora-politik- ken i si tid, er å følgje spelereglane til punkt og prikke. Ho vil ikkje bryte konkurransereglane ved å subsidiere

næringslivet for mykje og risikere å stå att med ei skuldning om pro- teksjonisme frå EFTA. I denne saka er det klokt

å følgje reglane nøye. Ikkje berre fordi vi i den eksportretta og industrielle delen av næringslivet vårt vil tene på å framstå som eit moderne land som driv etter sunne og opne konkurranse- prinsipp, men også fordi ei slik hald-

ning som statsråden her forfektar, vil kaste av seg på sikt.

DET ER NEMLEG IKKJE SLIK AT EI kvar verksemd skal kunne overleve ei kvar krise. Fornuftige økonomiske teoriar tilseier gjerne det motsette, nettopp fordi ei «berging» av alt det eksiste- rande vil «forgubbe» heile næringsli- vet. Med våre økonomiske oljepen- gmusklar er vi fullt i stand til å bere alt vi vil, men når krisa er over, vil vi då kunne oppleve at dei som ikkje har hatt slike musklar, faktisk har blitt «tvinga» til å utvikle ny teknologi, nye produkt og metodar; og at nettopp det vil gje dei betre fart inn i framtida enn det vi kan hamle opp med fordi vi har betalt oss vekk frå fornyinga. Hald- ninga til fornyingsminister Grande Røys har såleis gitt oss eit visst håp om næringsfornyng.

Sei di mening om leiaren på fjordaglimt.no

Haldninga til fornyingsministe- ren har såleis gitt oss eit visst håp om næringsfornyng

AKKURAT DÅ

7. JUNI 2009 KLOKKA 09.36: No kjem du for seint, sa Frank Kjelsnes i Førde kommune. Han hadde allereie rydda i to timar på Langebrutorget etter Sommarfesten. Scena var vekk, og litt lenger borte gjorde Rune Tufeland klart til friluftsgudsteneste. Foto: Ivar Longvastøl

SJØLVPLUKK**Vevkjerringa**

Jeg får aldri nok, jeg kan veve og veve i timesvis.

Kristin Sæterdal (46)
til VG

Den gode salmen

Jeg kan nesten ikke sette meg tl et piano uten å begynne å spille «O bli hos meg».

Lars Martin Myhre
til Vårt Land

Raud-grøn «sement»

Diverre har ikkje SV og Sen- terpartiet evna å sjå bort frå den regjeringsposisjo- nen dei er i og tenkt prinsipielt og langsiktig.

Svein Gjerdåker
i Dag og Tid

Barnetru

I møte med så mange guder, forsvinner nårings- skjøre barnetru.

Ase Røyselund om RLE-faget, sitert i «Kyrkjeklokka»

Folk handlar

Dagligvarehandelen er den som klarer seg aller best i de vanskelige tidene.

Erik M. Thronsen
til Bergens Tidende

Fleire katolikkar

De siste fem årene har antall katolikker i Bergen eksplodert, fra knappe 5000 til 8000 registrerte. Flesteparten er innvandrere.

Bergens Tidende

77 Fjordhesten er eit nasjonal- symbol

Kristin Bakken til Bergens Tidende

Redaksjonen i Firda ■ redaksjon@firda.no ■ Telefon 57 83 33 00 ■ Tipstelefon 57 83 33 33



Trond Jan Grimeland, deskvakt



Kjell Ove Nordeide, deskvakt



Karin Flølo, journalist



Hilde Genberg, journalist



Svein Heggheim, journalist



Helge Johnsen, journalist



Ivar Longvastøl, journalist



Knut Magnussen, journalist



Atle Lyngstad, journalist



Ingunn Osland, journalist



Sigurd Læseth, deskvakt



Astrid Iren Solheim, journalist



Bent Are Hersen, fotograf



Kjell Aga Uvestad, journalist/deskvakt



Stig Roger Eide, sportsjournalist



Rune Fossum, journalist



Asgeir Ardal, sportsjournalist



Tone Merete Lillesvang, journalist



Anne Britt Sandoy, journalist



Eirik Grane, nettansvarleg